



Eigarskapsmelding

Bjørnafjorden kommune

Del I – Generelle prinsipp

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre 21. mars 2024, sak 37/2024, sist revidert av
Bjørnafjorden kommunestyre 18. desember 2025, sak 121/2025.

Innhald

1 Innleiing.....	3
2 Prinsipielle sider ved kommunen sitt eigarskap	4
2.1 Avgrensingar av eigarskapspolitikken	4
3 Ulike former for samarbeid	6
3.1 Interkommunalt politisk råd (IPR)	6
3.2 Kommunalt oppgåvefelleskap (KO)	6
3.3 Vertskommunesamarbeid	7
4 Ulike juridiske selskapsformer	8
4.1 Kommunalt føretak.....	9
4.2 Interkommunalt selskap	9
4.3 Samvirkeføretak.....	10
4.4 Aksjeselskap	11
5 Eigarstrategi	13
5.1 Momenter i ein eierstrategi.....	14
6 Mål og motiv med kommunalt eigarskap.....	15
7 Roller og ansvar	16
7.1 Generelt om styring og kontroll av selskap	16
7.2 Kommunestyret si rolle og ansvar	16
7.3 Eigarutvalet si rolle og ansvar	17
7.4 Kontrollutvalet si rolle og ansvar.....	17
7.5 Styret si rolle og ansvar.....	18
7.6 Ordførar si rolle og ansvar.....	18
7.7 Kommunedirektøren si rolle og ansvar.....	18
7.8 Prinsipp for rolle- og ansvarsdeling	19
8 Styresamansetning, honorar, forventningar	20
8.1 Prinsipp for styrerepresentasjon.....	20
8.2 Styremedlemmer sitt ansvar.....	20
8.3 Styret si samansetning.....	20
8.4 Kjønsbalanse	21
8.5 Styrehonorar	21
8.6 Habilitetsvurderingar	22
8.7 Internkontroll og risikostyring.....	22
8.8 Samfunnsansvaret	22
8.9. Styret sin årsmelding.....	22
9 Omgrepsforklaringar	23

1 Innleiing

Kommunelova § 26-1 stiller krav om at kommunar (og fylkeskommunar) minst ein gang i valperioda skal utarbeide ein eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret (eller fylkestinget) sjølv.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde

- Kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- Ei oversikt over selskap, kommunale foretak og andre verksemder kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- Kommunen sitt formål med sine eigarinteresser i selskapa nemnd over

I tillegg bør kommunen ha ein eigarstrategi for kvar av dei heileigde kommunale selskapa som ytterlegare avklarar formålet med eigarskapet, forventingar til selskapet, selskapet sitt styre og eventuelle utbyttestrategiar.

Bjørnafjorden kommune har vald å strukturere eigarskapsmeldinga i tre

1. Eigarskapsmelding for Bjørnafjorden kommune – Del 1 – Generelle prinsipp
2. Eigarskapsmelding for Bjørnafjorden kommune – Del 2 – Eigarberetning - Selskaper, formål og eigarskap
3. Eigarskapsmelding for Bjørnafjorden kommune – Del 3 – Eigarstrategi for einskilde selskap

Dette dokumentet er Del 1 – Generelle prinsipp for Bjørnafjorden kommune sitt eigarskap i selskap og foretak. Del 1 leggst fram for politisk handsaming ein gang kvar valperiode, fortrinnsvis i løpet av første halvår år 1. Del 2 leggst fram årleg som del av årsrapporten for kommunen. Oppdatering skjer i etterkant av generalforsamling, representantskapsmøte mv. Del 3 oppdaterast og leggst fram for politisk handsaming ved behov, men minst ein gang i kvar valperiode som del av handsaminga av Bjørnafjorden kommune sin eigarskapspolitikk (Del 1 + 2 + 3).

Hovudformålet med eigarskapspolitikken og eigarberetningane er å sikre eit profesjonelt og aktivt eigarskap som sørgjer for oppfølging av kommunen sine selskap og foretak. Vidare at kommunestyret har betryggande kontroll over dei eigarskap kommunen har. Ulike organisasjonsformer har ulike styringsmiddel til rådvelde for dei folkevalde. Eigarstyring bør difor inngå som del av folkevaldopplæringa.

Det er også sentralt at eigarskapspolitikken skal bidra til å gje føreseielege styringssignal, rammer og avklaringer som kan sikra langsiktig verdiskaping (økonomisk og/eller samfunnsmessig) for selskapa. Del 3 – eigarstrategi for einskilde selskap, skal i særleg grad ta sikte på å gje konkret budskap frå eigar om kva kommunen ventar av det einskilde selskapet. Det kan dreie seg om fokus på avkastning i dei selskapa som kan karakteriserast som finansielle/komersielle, eller fokus på ivaretaking av viktige samfunnsomsyn der selskapa er oppretta for å ta i vare andre oppgåver og samfunnsoppdraget.

Ei eigarskapsmelding skal også vere eit overordna politisk styringsinstrument for verksemder som er lagt til eit anna rettssubjekt, eiga styre, ei vertskommune eller til eit anna interkommunalt organ. Ein av hovudhensiktene med denne meldinga er å stadfeste dei reglar, rutiner og prinsipp som gjeld for forvaltning av eigarskap i Bjørnafjorden kommune.

2 Prinsipielle sider ved kommunen sitt eigarskap

Bjørnafjorden kommune skal i hovudsak yte kommunale tenester i eigen regi, underlagt kommunedirektøren sitt ansvar og mynde, med direkte folkevalde sin kontroll og styring.

Bjørnafjorden kommune arbeider for gode tenester til innbyggjarane og størst mogleg samla verdiskaping innanfor berekraftige rammer.

Kommunen kan vurdere å organisere verksemda si i selskap om;

- tenestene krev investeringar i infrastruktur på tvers av kommunegrenser
- tenesten kan driftast meir effektivt i samarbeid med andre offentlege aktørar
- tenesteproduksjonen blir meir robust ved å samarbeide med andre
- ein finn det hensiktsmessig å samarbeide med private aktørar
- statlege tilskotsordningar krev ei selskapsorganiserings som ligg utanfor ordinær struktur
- skatte- og avgiftsmessige forhold gjer det økonomisk fordelaktig med ei selskapsorganisering
- verksemda opererer i eit (komersielt) marknad og difor er meir tent med ein friare posisjon enn ein er del av ein ordinær kommunal organisasjon

Der kor oppgåveløysinga er organisert i selskap, har dei folkevalde meir indirekte styringsmiddel til rådvalde enn direkte kontroll og styring. Desse varierer ut frå kva selskapsform som er vald.

Hovudformålet meid eigarstyringa er å sikre god utvikling av selskapa, langsiktig økonomisk og/eller samfunnsmessig verdiskaping og god forutseieleg styring. Eigarstyringa skal følgje opp vedteken eigarpolitikk og eigarstrategi. Løpande eigarstyring skal sikra

- regelmessig og formalisert kontakt mellom kommunen og selskapa
- god rapportering på mål og forventingar
- gode prosessar ved gjennomføring av val, strategiutvikling mv.

Kommunen skal ikkje ha eigarskap i reine lobbyselskap.

2.1 Avgrensingar av eigarskapspolitikken

Avtalebasert samarbeid kan vere eit alternativ innan områder der det er ønskjeleg å samarbeide med andre offentlege aktørar, men der etablering av eit interkommunalt selskap ikkje er ønskeleg eller hensiktsmessig.

Slike samarbeid er nærare omtalt i kapittel 3 i denne eigarskapsmeldinga og er ikkje ein del av kommunen sin eigarskapspolitikk, men må godkjennast av kommunestyret og er difor omtalt i dette overordna dokumentet.

Offentlege anskaffingar/tenestekjøp – kontraktsstyring

Kommunen kjøper ei rekkje tenester i marknaden frå selskap dei ikkje har eigarandel i. Dette regulerast av lov om offentlig anskaffing med tilhøyrande forskrifter og kommunen sitt anskaffingsreglement. Kjøp av tenester i marknaden er difor ikkje ein del av kommunen sin eigarskapspolitikk.

Kommunen bestiller og kjøper også tenester frå selskap som den har eigarinteresser i. Kommunen si rolle som kunde hos desse selskapa blir ivaretatt av kommunedirektøren og blir regulert av dei tenesteleveranseavtalar og kontraktar som blir inngått mellom selskapet

som utfører/leverandør og kommunen som bestillar/kunde. Dette er ein del av kommunedirektøren sin kontraktsstyring og ikkje ein del av eigarstyringa.

Indirekte eigarskap/aksjefond mv

Bjørnafjorden kommune har indirekte eigarskap til selskaper gjennom andeler i aksjefond. Dette er eigarskap som blir forvalta som ein del av finansporteføljen til Bjørnafjorden kommune og i samsvar med kommunen sitt finans- og gjeldsreglement. Det er difor ikkje ein del av eigarskapspolitikken.

Det same gjeld eigarposisjonar som ikkje gir reell påverknad (td. mindre aksjeposter, B-aksjar) eller kommunen sin eventuelle andel i eigarseksjonar, andelslag, sameige eller liknade.

3 Ulike former for samarbeid

Det er mange ulike former for samarbeid. I det påfølgande skisserast desse kort.

Interkommunalt samarbeid er regulert gjennom kommunelova § 17-1 kor kommunar kan utføre felles oppgåver gjennom eit interkommunalt samarbeid.

Eit interkommunalt samarbeid skal foregå gjennom eit interkommunalt politisk råd, kommunalt oppgåvefellesskap, vertskommunesamarbeid, interkommunalt selskap, aksjeselskap eller samvirkeforetak, ei foreining eller på andre måter som det er rettsleg adgang til.

Om samarbeidet er omfatta av reglane om offentleg anskaffingar må vurderast ut frå reglane om offentleg anskaffing.

3.1 Interkommunalt politisk råd (IPR)

Interkommunalt politisk råd er regulert gjennom kommunelova kapittel 18 (§ 18-1...§ 18-4) og kan opprettast mellom to eller fleire kommunar. Rådet kan handsama saker på tvers av kommune- eller fylkesgrenser, men kan ikkje få mynde til å treffe enkeltvedtak. Rådet kan likevel bli gitt mynde til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Rådet sitt namn skal innehalde interkommunalt politisk råd eller forkortinga IPR. Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt politisk råd. Kvar deltakar skal ha minst ein representant i representantskapet som veljast for fire år om ikkje anna er fastsatt i samarbeidsavtalen. Det er kommunestyret sjølv som vel sin(e) representant(ar) og vararepresentant(ar) til representantskapet. Om ikkje anna er fastsatt i samarbeidsavtalen vel representantskapet sjølv sin leiar og nestleiar. Representantskapet kan sjølv opprette andre organ for styring av rådet (td. eit styre som rapporterer til representantskapet).

Deltakarane i eit IPR har ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine forpliktingar.

Når det blir oppretta eit interkommunalt politisk råd skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet. Kommuneloven § 18-4 regulerer kva samarbeidsavtalen som minimum skal innehalde. Dei einskilte kommunestyra skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og eventuelle avtaleendringar.

3.2 Kommunalt oppgåvefellesskap (KO)

Eit kommunalt oppgåvefellesskap er regulert av kommunelova kapittel 19 (§ 19-1...§ 19-4) og kan opprettast mellom to eller fleire kommunar for å løyse felles oppgåver.

Eit oppgåvefellesskap sitt namn skal innehalde orda kommunalt oppgåvefellesskap eller forkortinga KO. Eit KO kan ikkje få mynde til å treffe enkeltvedtak. Det kommunale oppgåvefellesskapet kan likevel bli gitt mynde til å treffe vedtak om interne forhold i samarbeidet og til å forvalte tilskotsordningar.

Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap. Kvar deltakar skal ha minst ein representant i representantskapet som veljast for fire år om ikkje anna er fastsatt i samarbeidsavtalen. Det er kommunestyret sjølv som vel sin(e) representant(ar) og vararepresentant(ar) til representantskapet. Om ikkje anna er fastsatt i samarbeidsavtalen vel representantskapet sjølv sin leiar og nestleiar. Representantskapet kan sjølv opprette andre organ for styring av rådet (td. eit styre som rapporterer til representantskapet). Dagleg leiar i eit oppgåvefellesskap kan ikkje vere medlem av representantskapet.

Deltakarane i eit KO har ubegrensa økonomisk ansvar for sin del av rådet sine forpliktingar.

Når det blir oppretta eit kommunalt oppgåvefelleskap skal det inngåast ein skriftleg samarbeidsavtale mellom alle deltakarane i rådet. Kommuneloven § 19-4 regulerer kva samarbeidsavtalen som minimum skal innehalde. Dei einskilde kommunestyra skal sjølv vedta samarbeidsavtalen og eventuelle avtaleendringar.

3.3 Vertskommunesamarbeid

Eit vertskommunesamarbeid er regulert av kommunelova kapittel 20 (§ 20-1...§ 20-10). Eit slik samarbeid tyder at ei kommune kan overlate utføringa av lovpålagte oppgåver og delegert mynde til å treffe enkeltvedtak eller vedta forskrift til ei vertskommune.

Dette skjer gjennom at ei kommune (samarbeidskommune) avtaler med ei anna kommune (vertskommune) at vertskommuna skal utføre oppgåver og treffe vedtak i saker som ikkje har prinsipiell betydning.

Det er kommunestyret sjølv som delegerer mynde til å treffe slike vedtak eller ved å instruere kommunedirektøren til å delegere mynde til kommunedirektøren i vertskommunen.

Folkevalde organ i vertskommunen har ikkje instruksjons- eller omgjeringsmynde i desse sakene. Ei samarbeidskommune kan gje vertskommunen instruks på korleis det delegerte mynde skal utøvast i saker som berre gjeld samarbeidskommunen eller innbyggjarane i denne.

Når eit vertskommunesamarbeid blir inngått skal det inngås ein skriftleg samarbeidsavtale med eit minimumsinnhald som følgjer kommunelova § 20-4. Det er kommunestyret sjølv som vedtek samarbeidsavtalen og eventuelle endringar i denne.

I eit vertskommunesamarbeid kan det også avtalast å opprette ei felles, folkevald nemnd. Kvar av deltakarane i samarbeidet skal vere representert med to eller fleire medlemmar i nemnda. Nemnda sjølv vel leiar eller nestleiar om det ikkje er fastsatt i samarbeidsavtalen at dette skal gå på omgang blant deltakarane. Deltakarane kan gi nemnda mynde til å treffe vedtak i alle type saker om ikkje anna følgjer av lov. Det skal skje ved at kommunestyra sjølv delegerer den sama mynden til nemnda.



4 Ulike juridiske selskapsformer

Bjørnafjorden kommune har eigarskap i ulike selskap/samarbeidskonstellasjonar som er organisert etter ulike juridiske prinsipper. Dette kapittelet vil i hovudsak ta for seg dei selskapsformene som er eigne rettssubjekt med unntak av kommunale foretak som er ein del av den kommunale organisasjonen. Stiftinger vil ikkje bli omtalt då kommunen ikkje har eigarskap i slike.

Jo lengre til høgre i modellen eit selskap ligg, jo meir sjølvstende har selskapet og jo mindre styring har folkevald politisk leiing. Styringa av desse selskapa må gå føre seg gjennom eigarstyringspolitikken som dette dokumentet er ein del av.




Fig 1: Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll. (Kjelde: KS Folkevalgtprogram 2019-2023.)

Høyere Politisk og administrativ forvaltning og styring Lavere Lavere Konkurransesituasjon Høyere				Fristilling
Kommuneloven		Interkommunale selskap	Aksjeloven	Stiftelsesloven
Etat (§5-1) Institusjon (§5-2) (Kap 5) Grunnstruktur: - Kommunestyret - Formannskap/Utvalg - Kommunedirektør «Eiere»: - Innbyggere - Næringsliv Eiers (kommunens) ansvar: - Ubegrenset - Ordfører juridisk person	Kommunale Foretak (KF) (Kap 9) samt råd, samarbeid og vertskommune (kap 17, 18, 19 og 20) Grunnstruktur: - Representantskap - Styre - Daglig leder Eiere: Begrenset antall Eiers ansvar: Ubegrenset	Interkommunalt selskap (IKS) Grunnstruktur: - Representantskap - Styre - Daglig leder Eiere: Begrenset antall Eiers ansvar: Ubegrenset Styrerepresentanter: Ubegrenset økonomisk og strafferettslig ansvar (Solidarisk økonomisk ansvar) ifr aksje, - IKS- og Stiftelsesloven	Aksjeloven (AS/ASA) Grunnstruktur: - Generalforsamling - Styre - Daglig leder Eiere: Ubegrenset antall Eiers ansvar: Begrenset til innskutt kapital og garantier	Stiftelse Grunnstruktur: - Styre - Daglig leder Ingen eiere Selveiende
Integrert del av kommunen		Selvstendig rettssubjekt		

Fig 2: Eigarskap, selskapsledelse og kontroll av kommunalt eigde selskap og føretak etter ny kommunelov (Kjelde: Asker kommune si eigarskapsmelding)

4.1 Kommunalt føretak

Heimel for kommunale føretak

Kommunalt føretak (KF) er nemninga for ein selskapsform som nyttast for verksemder som er del av ein kommune. I motsetnad til kommunalt eigde aksjeselskap, utgjør eit KF ikkje eit sjølvstendig rettssubjekt. Kommunale føretak (KF) er regulert i lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) av 22. juni 2018 nr. 83, sjå spesielt kapittel 9 som har reglar om kommunalt føretak.

Etablering og brukelege områder for kommunale føretak

Både kommunar og fylkeskommunar kan skipa kommunalt føretak. Eit viktig kjenneteikn for kommunale føretak er at kommunen (eller fylkeskommunen) eig selskapet fullt ut (100%) og at dette medfører eit ubegrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar.

Føretaket opprettast av kommunestyret, som også vedtek føretaket sine vedtekter, formål og kor mange styremedlemmar det skal vere i føretaket. Rekneskap, budsjett og økonomiforvaltning vil vere eit samspel med kommunen sine øvrige verksemder. Sletting og oppløysing av kommunale føretak skal også besluttast av kommunestyret.

Ansvar og mynde

Eit kommunalt føretak sitt øvste organ er styret. Kvart styremedlem blir vald av kommunestyret. Formannskapet i Bjørnafjorden kommune er eigarutval og følg opp det kommunale føretaket gjennom faste møter.

Selskapet skal ha eit styre på minst tre medlemmar, jamfør kommunelova § 9-5. Styret i eit kommunalt føretak har i hovudsak den same oppgåva som eit styre i eit interkommunalt selskap og aksjeselskap, nemleg å forestå den daglege forvaltninga av selskapet.

Selskapet skal ha ein dagleg leiar, jamfør kommunelova §9-4. Dagleg leiar er den øvste leiaren i selskapet sin administrasjon og er ansvarleg ovanfor styret for at administrasjonen fungerer på ein måte som er teneleg for selskapet sin verksemd. Som hovudregel er det styret som tilset og avset dagleg leiar og som er overordna for denne.

Tilsette i eit kommunalt føretak er omfatta av det same personalreglement som tilsette i kommunen for øvrig.

4.2 Interkommunalt selskap

Heimel for interkommunale selskap

Interkommunale selskap er regulert av lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999 nr 6.

Også kommunelovens kapittel 17, 18, 19 og 20 har reglar om interkommunalt samarbeid, som også kan omfatte interkommunalt selskap.

Etablering og brukelege områder for interkommunale selskaper

Både kommunar, fylkeskommunar og andre interkommunale selskap kan vere deltakar i eit interkommunalt selskap. Eit viktig kjenneteikn for interkommunale selskap er at deltakarane til saman har eit ubegrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar, men slik at den einskilde deltakaren sitt ansvar er begrensa til ein prosentdel av selskapet sine totale forpliktingar.

Selskapet opprettast ved at det blir inngått ein selskapsavtale mellom deltakarane, der blant anna selskapet sine deltakarakar, førmål, deltakarane si innskuddsplikt, tal styremedlemmar, eigardel og tal medlemmar i representantskapet skal vere avtalt.

Lov om interkommunale selskap regulerer for øvrig krav til budsjett, rekneskap og økonomiforvaltning, som er ment å vere tilpassa særleg at selskapet sine deltakarakar består av kommunar. Vidare regulerast eigerskifte og oppløysing eller avvikling av selskapet.

Ansvar og mynde

Eit interkommunalt selskap sin øvste organ er representantskapet. Kvar deltakar har rett til å vere representert her. Medlemmar blir utpekt av kommunestyret. I representantskapet for selskapet vil kvar deltakar ha ei stemme om ikkje anna er fastsatt i selskapsavtalen.

Om ikkje anna er bestemt i selskapsavtalen, fattast vedtak med alminneleg fleirtal i representantskapet.

Selskapet skal ha eit styre på minst tre medlemmar. Representantskapet veljer styret. Ved oppnemning av styret i interkommunale selskap gjeld det eit krav om eit minimumstal av kvart kjønn, tilnærma 40 % (lov om interkommunale selskap § 10 første avsnitt jf. aksjeloven § 20-6). Styret i eit interkommunalt selskap har i hovudsak den same oppgåve som eit styre i eit aksjeselskap, nemleg å forestå den daglege forvaltninga av selskapet.

Selskapet skal ha ein dagleg leiar, med mindre det blir fastsatt i selskapsavtalen at dette ikkje er naudsynt. Dagleg leiar er den øvste leiaren for selskapet sin administrasjon og er ansvarleg ovanfor styret for at administrasjonen fungerer på ein måte som er teneleg for selskapet si lederen for selskapets administrasjon og er ansvarlig overfor styret for at administrasjonen fungerer på ein måte som er teneleg for selskapet sin verksemd.

Som hovudregel er det styret som tilset og avset dagleg leiar og er denne sin overordna.

4.3 Samvirkeføretak

Heimel for samvirkeføretak

Samvirkeføretak er regulert i lov om samvirkeforetak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr 81.

Etablering og brukelege områder for samvirkeforetak

Kommunar kan vere deltakar i eit samvirkeføretak. Samvirkeføretak har trekk både frå aksjeselskaps- og foreningsformen, men skil seg likevel klart frå begge desse organisasjonsformane. I motsetnad til i aksjeselskap, der eigarinteressane i prinsippet primært er knytt til avkastning på investert kapital, er eigarinteressa i eit samvirkeselskap knytt til bruken av varer/tenester frå selskapet. Deltakarane har ved sitt medlemskap direkte nytte av den verksemda som blir driven, og hovudformålet er å fremme medlemmane sine økonomiske interesser.

Ansvar og mynde

Samvirkeføretak blir eigd av medlemmane og føretaket forvalta av styret i tråd med vedtektene, medan dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av verksemda.

Årsmøtet er samvirkeføretaket sitt øvste organ og kan fatte avgjer med hovudregel ut frå prinsippet om eitt medlem – ei stemme.

Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettelege eigardeler. Utgangspunktet er likvel at dei som kan få sine økonomiske interesser tatt i vare av eit samvirkeføretak, har rett til å bli medlem

av føretaket ved innmelding. Føretaket kan berre nekte medlemsskap om det er sakleg grunn for det.

4.4 Aksjeselskap

Heimel for aksjeselskap

Aksjeselskap er regulert i aksjeloven av 13. juni 1997 nr 44 (AS) og allmennaksjeloven av 13. juni 1997 nr 45 (ASA).

Etablering og brukelege områder for aksjeselskaper

Av nemningane AS og ASA er AS-formen berekna på selskap med ein begrensa krets eigare, og er følgeleg den formen som i hovudsak er aktuell for kommunar å nytte. Det kan bli stilt krav i vedtektene til aksjeeigarane sine eigenskapar, til dømes at selskapet berre kan ha kommunale eigare.

Eit aksjeselskap skal ha ein aksjekapital på minst NOK 30.000, fordelt på ein eller fleire aksjar som rettigheitene ein har som aksjonær knytt seg til. Dette utgjør verdien i selskapet. Selskapet plikter til einkvar tid å ha ein eigenkapital som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Det grunnleggjande element ved aksjeselskapsformen er at eigarane sitt økonomiske ansvar er begrensa til den aksjekapitalen dei har skutt inn. Eit aksjeselskap kan gå i konkurs og kan søk seg fritatt for revisjonsplikt. Revisjon av aksjeselskap, der selskapet ikkje er blitt fritatt for revisjonsplikt begrenser seg til rekneskapsmessig revisjon. Det tyder at forvaltningsrevisjon i svært liten grad blir gjennomført i aksjeselskap.

Lova stiller krav til selskapet sin eigenkapital. Aksjeselskapet skal til einkvar tid ha ein eigenkapital (summen av eigendelar minus gjeld) og ein likviditet (betalingsevne) som er forsvarleg ut frå risikoen og omfanget av aktiviteten i selskapet. Om det er grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg, har styret i aksjeselskapet handleplikt.

Vidare inneheld lova reglar om at aksjer kan skifte eigar ved overdraging, til dømes ved sal av aksjane. Sal av aksjar krev som hovudregel samtykke frå selskapet. Samtykke frå selskapet kan berre nektast når det føreligg sakleg grunn. Når ein aksje skiftar eigar, vil dei øvrige aksjeeigarane normalt ha forkjopsrett.

I samband med stifting av aksjeselskapet set aksjelova § 2-2 minstekrav til innhald i selskapet sine vedtekter. Selskapet kan også regulere andre forhold enn dei som følgjer av lova i vedtektene. Om selskapet gjennom sin aktivitet ikkje skal ha til formål å skaffe aksjeeigarane økonomisk utbytte, skal vedtektene innehalde bestemmelsar om korleis overskot og formuen skal disponerast ved oppløysing, noko som kan vere praktisk for kommunalt eigde selskap.

Ansvar og mynde

Aksjelova inneheld bestemmelsar om korleis aksjeselskapet skal organiserast. Øvste mynde i selskapet er generalforsamlinga, kor alle aksjeeigarane har møterett. Normalt gir kvar aksje éin stemme under generalforsamlinga. Selskapet skal ha eit styre med ett eller fleire medlemmar, og det kan også ha ein eller fleire daglege leiarar.

Generalforsamling er selskapet sitt øvste organ og eigarane sin innflytelse blir utøvd her. Selskapet skal ha eit styre med minst eitt medlem, og styret blir vald av generalforsamling. I selskap med meir enn 30 tilsette, har dei tilsatte rett til representasjon i styret. I kommunalt

eigde aksjeselskap er det ikkje eit direkte lovfesta krav om likestilling i styret, men generalforsamlinga bør tilstrebe at både kjønn skal vere likt representert i styret.

Selskapet kan ha ein dagleg leiar som står for den daglige leiinga av selskapet sin verksemd, og skal i denne samanheng følgje retningslinjer og pålegg styret har gitt. Som hovudregel er det styret som tilset, avskjediger og seier opp dagleg leder og er denne sin overordna.

5 Eigarstrategi

Eigarstrategiane utgjør dei prioriteringar, krav og tiltak kommunen har til kvart av dei kommunale selskapa for å sikre at selskapet ivaretek dei målsettingane eigar har satt.

For å forvalte sine verdier på ein best mogleg måte, må kommunen ha ein overordna strategi. Eigar bør avklare sitt ståsted overfor dei ulike selskapa og definere kva forventningane er til selskapet. Utøvinga av eigarskapet har direkte konsekvens for selskapet sine disponeringar og prestasjonar. Om eigar ikkje stiller krav og ikkje har definterte målsettingar for sitt eigarskap vil selskapa og føretaka ha tilsvarende difuse målsettingar.

Selskapet/føretaket sitt styre og administrasjon skal legge opp verksemds- og forretningsplanar/-strategiar innanfor ei ytre ramme som er trekt opp av eigar. Det er denne ramma som er eigarstrategien, innan for denne skal selskapet ha ein betydeleg grad av spelrom.

Samanhengane kan skisserast på følgande måte:



Figur 3: Samanhengane i ein eigarstrategi (kjelde: Asker kommune sin eigarmelding)


Det mest fundamentale eigarspørsmål er om kommunen framleis skal vere eigar. Det er eit sett av ulike forhold som inngår i ei totalvurdering for å kunne gje svar på eit slikt spørsmål.

Om kommunen bestemmer seg for fortsatt å eige, må strategien for eigarskapet konkretiserast. Det er fleire ulike måter å forankre ein eigarstrategi på i selskapet. For det første vil selskapet sin formålsparagraf teikne opp ei ytre ramme. I tillegg vil vedtak i generalforsamlinga kunne gje instruksar om eigar sine krav og forventningar. Den løpande kommunikasjonen mellom eigar og styret er også viktig.

Bjørnafjorden kommune gir uttrykk for sin eigarstrategi for dei einskilte selskapa i konkrete eigarstrategiar per selskap. Desse kjem fram i Eigarskapsmeldinga del III – Eigarstrategi for [...selskap...].

Ein grunnleggande føresetnad for ein aktiv eigarstyring er at ein klar og presis eigarstrategi blir formulert for kvart einskild selskap. Eigarstrategien skal skildre kva kommunen vil oppnå

som eigar. Det er ein del generelle føringar som er retningsgivande ved etableringa av ein eierstrategi. Prosessane kring etableringa av ein slik heilhetleg eigarstrategi kan illustrerast slik:



Figur 4: Føresetnader for ein eigarstrategi (Kjelde: Asker kommune si eigarskapsmelding)

Kommunen sitt formål med eigarskapet kan grovt inndelast i to kategoriar; finansielt eigarskap og samfunnsmessig eigarskap.

Om kommunen si hovudmålsetting med eigarskapet er å oppnå markedsmessig avkastning på eigenkapitalen, definerast eigarskapet som finansielt.

Om eit selskap er å sjå på som eit gjennomføringsorgan for lovpålagte eller samfunnsmessige oppgåver, og kommunen som eigar ikkje sikter mot ein markedsmessig eigenkapitalavkastning, definerast eigarskapet som samfunnsmessig. Det vil imidlertid også her bli stilt krav frå eigar og vere forventingar om ein effektiv drift med god utnytting av selskapet sine ressursar.

Formålet med eigarskapet kan vere både samfunnsmessig og finansielt.

5.1 Momenter i ein eierstrategi

Ein eigarstrategi skal gje uttrykk for kommunen sitt mål med eigarposisjonen, slik som:

- Prioriteringar og tiltak, måloppnåing, krav til kvalitet og kostnadseffektivitet
- Forventingar og mål for eigenkapital
- Lønssomhetskrav
- Oppfølgings- og investeringsbehov, inkl økonomisk risiko
- Resultatkrav, inkl utbytte/avkastning og risikoprofil
- Rolleavklaringar, ansvar og mynde for dei styrande organa
- Retningsliner for styresamensetting
- Retningsliner for samhandling mellom selskapet og eigar
- Rutiner ved val av selskapsrevisor
- Gje uttrykk for forventingar til samfunnsansvar, miljø, etikk, antikorrupsjon m.v.

6 Mål og motiv med kommunalt eigarskap

Det er ulike grunnar for Bjørnafjorden kommune å opprette, eller ta del i, eit selskap eller føretak. Måla for, og motivasjonen med, det kommunale eigarskapet for kvart selskap kjem fram i eigarskapsmeldinga del II – Selskap og eigarskap.

Førmålet med kommunen sitt eierskap kan spenne frå eit finansielt eigarskap, basert på avkastingsbetraktningar, til eit politisk/samfunnsmessig eigarskap, med fokus på politisk måloppnåing.

Eigarstrategien må tydeleg ta stilling til slike spørsmål. Ein eigarstrategi er ein politisk viljeserklæring, og bør evaluerast med jamne mellomrom. Det politiske fleirtalet sine tankar og vurderingar kan endrast på same måte som eksterne vilkår kan gje grunnlag for å endre eigarstrategien.

Dei ulike motiva for eigarskap kan kort oppsummerast:

6.1 Politisk motivert

Strategisk val for å posisjonera kommunen. Korkje økonomi eller omsynet til tenesteyting ligg som grunngeving

6.2 Finansielt motivert

Hovudgrunngeving for eigarskapen er økonomisk utbytte og å avgrensa kommunen sin risiko. Selskap er meir orientert mot å driva forretning etter bedriftsøkonomiske kriterium.

6.3 Effektivisering av tenesteproduksjon

Grunngevinga er i hovudsak motivert av ei forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar enn ved eigen drift.

6.4 Samfunnsøkonomisk motivert

Grunngevinga er at kommunen vil kunna får meir samfunnsøkonomiske gunstige resultat ved gjennomføring av oppgåver. Offentleg styring og engasjement vil vera sentralt.

6.5 Regionalpolitisk posisjonering

Grunngeving ut i frå at det styrkjer kommunen og regionen sine vilkår og posisjon i høve til andre regionar, eller nasjonalt. Utløysing av statlege midlar kan vera ein del av grunngevinga.

Når Bjørnafjorden kommune skal vurderer å etablere selskap sjølv eller i lag med andre, eller skal vurderer selskap kommunen er eigar i; skal motiva over vera del av grunnlaget.

7 Roller og ansvar

I det påfølgende vil vi gjere greie for rolle og ansvar for ulike nivå i den kommunale organisasjonen og i relasjonen mellom eigar (kommunen) og selskapa.

7.1 Generelt om styring og kontroll av selskap

Dei folkevalde har eit overordna ansvar for alt kommunen er involvert i, også når verksemda er organisert i selskap på utsida av kommunen sin ordinære organisasjon. Selskapa er sentrale aktørar for å løyse kommunen sine oppgåver på ein god, effektiv og hensiktsmessig måte.

For eigen organisasjon har folkevalde organ løpande moglegheit til å ta direkte styring. Ei organisering i selskaper inneber ei fristilling av verksemda som reduserer moglegheiten for direkte folkevald styring. Makt, mynde og fullmakter blir overført frå folkevald organ og kommunedirektøren til representantskap og/eller styrer i selskapa. Difor må dei folkevalde nytta andre styringsmekanismer for å øve innflytelse over selskapa. Med unntak av kommunale føretak (KF – som er ein del av kommunen som rettssubjekt) er selskapa til dømes ikkje bunden av kommunen sin vedtatte økonomiske politikk eller arbeidsgjevarpolitikk.

Desse styringsmekanismane må i varetakast gjennom dei formelle styringskanalane som selskapslovgivinga gir (ref kap 4).

7.1.1 Aktiv eigarstyring/eigarforvaltning

Det er viktig at dei folkevalde driv aktiv eigarstyring, men dette må skje gjennom dei formelle styringskanalane. Aktiv eigarstyring er summen av dei tiltak og aktiviteter kommunen som eigar gjennomfører for å sikre styring, kontroll og utvikling av drifta i selskapa. Eigarskapsforvaltning er organisering av styre og leiing, utøving av eigarskap i selskapa sine eigarorgan, vedtatte strategiar, rapportering, styreinstruks, vedtekter m.v.

Det er viktig at kommunen sitt eigarskap blir utført profesjonelt og føreseieleg innan rammene som selskapslovgivinga og anna lovverk set og i tråd med og basert på allment aksepterte eigarstyringsprinsipp.

Innbyggjarane skal ha tillit til at all verksemd kommunen har ansvaret for, også i dei kommunalt eigde selskapa. Likebehandling, saklegheit, openheit og habilitet er viktig for denne tilliten.

7.2 Kommunestyret si rolle og ansvar

Kommunestyret er øvst ansvarleg for all kommunal verksemd. For å ta i vare sitt mandat må kommunestyret ha eit samla grep om heile den kommunale aktiviteten, også tenesteproduksjonen som skjer i selskapa.

Det er kommunestyret som vedtek å opprette selskap og føretak. I etableringsfasa har kommunestyret stor grad av kontroll over selskapet sitt formål, grunnlaget for stiftinga og utnemninga til leiande organ. Organisasjonsformen ein vel bør velgjast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og kva førmålet med etableringa er. Val av organisasjonform verkar også inn på kva moglegheiter kommunen har for styring, kontroll og tilsyn. Dette er viktige omsyn kommunestyret må ta stilling til når dei vel organisasjonsform.

Etter at selskapet er oppretta overlet kommunestyret i stor grad styringa til selskapet sitt styre/representantskap/generalforsamling basert på lovgivinga som gjeld for det aktuelle selskapet og på dei vedtatte prinsipp for eigarstyring som kommunestyret har vedtatt.

Kommunestyret har like fullt kontroll på eventuell reorganisering, avvikling og oppløysing av selskapet, eller ved sal eller overføring av kommunal eigardel i selskapet til andre.

Folkevalde i Bjørnafjorden kommune skal som del av folkevaldopplæringa bli gitt tilstrekkeleg opplæring i eigarstyring, styringsmiddel til rådvelde, habilitet og andre tema knytt til eigarforvaltning.

7.3 Eigarutvalet si rolle og ansvar

Formannskapet i Bjørnafjorden kommune er eigarutval for kommunale føretak og kommunale aksjeselskap. Eigarutvalet behandlar alle løpande saker som blir lagt fram for eigarorgana i dei ulike selskapa/føretaka, fortrinnsvis i forkant. Gjennom dette får eigarutvalet sine medlemmar god innsikt i ulike sider ved selskapet/føretaket si verksemd, og høve til å påvirke kommunen sin eigarrepresentant i eigarorganet for dei ulike selskapa.

I samband med sakshandsaminga i eigarutvalet vil formannskapet gi ordførar fullmakt til å representere kommunen ved generalforsamling og rådsmøte som finn stad i selskap og føretak.

Eigar møter styreleiar og dagleg leiar i kommunale føretak og kommunale aksjeselskap gjennom eigarmøte minimum to gonger i året, fortrinnsvis i april/mai og september/oktober. Eigarmøta blir gjennomførte mellom kommunen ved ordførar og kommunedirektør og dagleg leiar og styreleiar. Den selskapsspesifikke/føretaksspesifikke eigarstrategien kan likevel slå fast at eigarmøta i staden skal gjennomførast mellom kommunen ved formannskapet og dagleg leiar og styreleiar.

Eigarmøta skal nyttast for å rapportere status og framtidige behov/utviklingstrekk til styret. Eit eigarmøte er ikkje lovregulert og er berre ein uformell arena der det ikkje skal treffast vedtak. I tillegg bør det ikkje leggjast føringar eller «gis signal» i eigarmøta som kan sjåast som å gripe inn i styret sitt mynde. Eigarmøta er juridisk uforpliktande for eigarane og for selskapet.

Eigar kan altså ikkje i eigarmøta pålegge styret oppgåver eller gje instruksar. Dette må gjerast gjennom dei ordinære styringsorgana.

7.4 Kontrollutvalet si rolle og ansvar

Selskapskontroll er ein av kontrollutvalget sine lovpålagte oppgåver, og er eit viktig verkemiddel for å sikre at selskapa blir underlagt folkevalgt styring og kontroll, jf. kommuneloven § 23-2 c). Selskapskontroll kan i prinsippet gjennomførast i alle typer selskap, men omfanget av selskapskontrollen er påverka av eigarforholda i selskapa.

Innsyns- og undersøkelsesretten til kontrollutvalget, og/eller revisor, er forbeholdt følgande selskap, jf. kommuneloven § 23-6:

- interkommunale selskap (IKS)
- interkommunale politiske råd
- kommunale oppgåvefelleskap
- aksjeselskap der kommunen aleine eller saman med andre kommunar direkte eller indirekte eig alle aksjar

I desse selskapa har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til å innhente dei opplysningane dei finner påkrevd, og kan gjennomføre naudsynte undersøkingar. Utvalet skal varslast om, og har rett til å vere tilstades i representantskapsmøte / generalforsamling.

Kontrollutvalet skal initiere evaluering av eigarstyringa i kommunen. Utvalget skal minst éin gang i kommunestyreperioda utarbeide plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen skal vedtakast av kommunestyret. Selskapskontrollen er todelt. Den eine delen er obligatorisk og dreier seg om eigarskapskontroll; kontroll med kommunen si oppfølging av ansvaret sitt som eigar. Den andre delen er frivillig og omfattar forvaltningsrevisjon av selskap(a).

7.5 Styret si rolle og ansvar

Det er styret som har ansvaret for styringa av selskapet, ikkje eigar. Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av selskapet, og skal ta i vare ein uavhengig kontrollfunksjon over for selskapet si leiing, på vegne av eigar(ane).

Det er styret som utarbeider og legg fram beslutningsgrunnlag til selskapet sitt eigarorgan (generalforsamling/representantskap/kommunestyret (for KF)) i det einskilde selskapet.

Styret har ansvaret for rekruttering og eventuell utskifting av dagleg leiar. Styret har også ansvaret for å fastsette løn- og arbeidsvilkår for dagleg leiar. Om ikkje anna er bestemt fungerer dagleg leiar som sekretær for styret.

Styreverv i eit selskap er personleg, med det juridiske ansvaret som følgjer av styrevervet. Det einskilde styremedlemmet skal ta i vare selskapet sine interesser, og representerer ikkje eit politisk parti, kommunen eller andre interessenter. Styret bør difor teikne eigen styreforsikring. Kostnader til styrevervforsikring må dekkast av det einskilde selskapet.

7.6 Ordførar si rolle og ansvar

Ordførar møter som kommunen sin representant i selskapa sine eigarorgan, med dei føringane som er gitt av eigarutvalet.

Ordførar kan delegere representasjonsretten til varaordførar, kommunedirektør eller annan representant for kommunen.

Ordførar har møte- og talerett i selskapa sine organ, om ikkje det er formelle begrensingar for dette.

Kommunen sine eventuelt øvrige representantar i interkommunale selskap/interkommunale samarbeid blir vald av kommunestyret og bør drøfte selskapsspesifikke forhold med eigarutvalet i forkant av representantskap, generalforsamling, årsmøte eller liknande.

7.7 Kommunedirektøren si rolle og ansvar

Kommunedirektøren har ansvaret for kommunen sin eigen driftsorganisasjon. Produksjon i selskap utanfor kommunen er ikkje underlagt kommunedirektøren sin kontroll og styring.

Kommunedirektøren har kun ein rådgjevande rolle over for kommunestyret, eigarutvalet, selskapet sine eigarorgan, ordførar og andre folkevalde når det gjeld selskap og føretak som kommunen er engasjert i. For å sikre kommunedirektøren naudsynt informasjon og innsikt, kan kommunedirektøren, eller den han delegerer dette til, bli gitt observatørstatus i styret for kommunale heileigde selskap/føretak.

I kommunale føretak har kommunedirektøren rett til å uttale seg og til å instruere styret om å utsette iverksetting av eit vedtak til kommunestyret har handsama saka.

Kommunedirektøren har totalansvaret for kommunen sin samla tenesteproduksjon og aktivitet, også ansvaret for kommunen sin samla økonomi. Kommunedirektøren skal difor sikre at kommunale føretak sine vedtatte budsjettforslag blir innlemma i kommunedirektøren

sitt forslag til budsjett/økonomiplan. Kommunedirektøren skal også sørge for at selskapa si rapportering blir tilpassa kommunen sin økonomirapportering og årsmelding.

7.8 Prinsipp for rolle- og ansvarsdeling

Det blir lagt til grunn følgjande rolle og ansvarsdeling

- Kommunestyret skal vere godt informert om selskapa og deira aktivitet, minst gjennom årsmelding og/eller rullering av eigarskapsmelding del II – selskap og eigarskap
- Kommunestyret skal minst ein gang i kvar kommunestyreperiode handsame kommunen sin eigarskapspolitikk
- Kommunestyret skal minst ein gang i kvar kommunestyreperiode vedta plan for kontrollutvalet sin gjennomføring av selskapskontroll
- Kommunen fremmer sine interesser overfor selskapa i desse sine formelle eigarorgan (generalforsamling/representantskap/kommunestyret)
- Styret skal ivareta ein uavhengig kontrollfunksjon overfor selskapet sin verksamhet og leiing
- Formannskapet/eigarutvalet skal minst ein gang i kvar kommunestyreperiode gjennomføre ein eigardag med selskap som kommunen har vesentleg eigarinteresser i.

8 Styresamansetning, honorar, forventningar

Styret i kommunale eigde selskap/føretak er på vegne av kommunen selskapets øvste styringsorgan.

Styret skal ta i vare den strategiske leiinga av selskapet innan dei rammer som er gitt av eigar. Styret skal vere ein viktig diskusjonspartnar og støttespelar for dagleg leiar i større saker. Samstundes skal styret føre kontroll og formulere strategier, godkjenne vedtak og legitimere aktiviteten i selskapet. Styret skal også kontrollere dagleg leiar sitt arbeid ut frå gitte målsettingar, og må difor vere uavhengig av dagleg leiar. Eit kompetent styre må kunne utfordre dagleg leiar og selskapet, slik at det blir tatt gode avgjerd.

Ein viktig oppgåve for kommunen er difor oppnemning av styrer. Rett samansetning er viktig både for selskapet og eigar.

8.1 Prinsipp for styrerepresentasjon

Rekruttering, samansetning og utskifting av styret er eit av dei viktigste verkemidla for eigarstyring. I Bjørnafjorden kommune er det oppnemnd ein eiga valkomite for desse vala, men eigarutvalet bør bli høyrd i samband med dette arbeidet. Det formelle valet av styremedlemmar (med unntak av val av styre i KF) skjer i selskapet sitt eigarorgan (generalforsamling eller representantskap). I KF er det kommunestyret sjølv som er eigarorgan og som vel styremedlemma.

Lova er ikkje til hinder for at tilsette og folkevalde kan sitte i styrer i kommunale selskap, men det å vere styremedlem i eit kommunalt eigd selskap kan gjere det rollemessig problematisk når ein samstundes er tilsatt eller politiskar i eigarkommunen, jf også habilitet. Dette fordi politiske organ har ein sentral rolle i eigarstyringa og kontrollen med selskapa.

Likevel bør ein ikkje utelukka at tilsette og politisk engasjerte med rett kompetanse kan ha moglegheit til å delta i arbeid i kommunale heileigde selskap og kommunale føretak.

Det skal ikkje veljast styremedlemmer til kommunale føretak (KF) og/eller heileigde kommunale aksjeselskap (AS) som sit som fast medlem i, eller varamedlem til, Bjørnafjorden formannskap.

Det bør heller ikkje veljast styremedlemmer til kommunale føretak (KF) eller heileigde kommunale aksjeselskap (AS) blant tilsette i Bjørnafjorden kommune.

Alle som tek på seg styreverv i kommunale selskap skal registrera verva sine på www.styrevervregisteret.no www.styrevervregisteret.no

8.2 Styremedlemmer sitt ansvar

Styreverv i eit selskap er personleg, med det juridiske ansvaret som følgjer av styrevervet. Det einskilde styremedlemmet skal ta i vare selskapet sine interesser, og representerer ikkje eit politisk parti, kommunen eller andre interessenter. Medlemmer i eit styre representerer berre seg sjølv, ikkje nokon av eigarane, og skal ta i vare selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane ut frå selskapet sitt formål og innan loven sine rammer.

8.3 Styret si samansetning

Styret er eit kollegium som bør utfylle kvarandre kva gjeld erfaring og kompetanse. Det er difor ønskeleg med kontinuitet i velfungerande styrer som sikrer at opparbeidd kompetanse ikkje forsvinn. Samstundes er det naturleg med utskiftingar som følgjer av at

styremedlemmer har deltatt i lang tid. Det er viktig å ha i mente at selskap utvikler seg over tid og at kravet til kompetansen i styret vil endre seg som følge av dette.

Som eit generelt prinsipp blir styremedlemmer i selskap eigd av Bjørnafjorden kommune vald for to år av gangen.

Styret bør ha:

- Kunnskap om selskapet sitt virke, herunder formål, organisering, historie, forretningsområde, regulerande lov/forskrifter, strategi, avtaler mv.
- Bransjekunnskap, herunder kunnskap om trender og utviklingstrekk innan bransjen inkludert kunnskap om konkurrerande verksemdar
- Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans, risikostyring, marknadsføring, HMS, HR mv
- Leiarerfaring og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar
- Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning, styrearbeid og FN sine berekraftsmål og EU-taksanomi

8.4 Kjønsbalanse

Bjørnafjorden kommune skal søkje å balansere kjønnsrepresentasjon i dei styrene kor kommunen har eigarposisjon – uavhengig av organisasjonsform. Selskapslovgivinga har bestemmelsar om kjønnsrepresentasjon i styra. Styra skal kjenneteiknast av kompetanse, kapasitet og mangfold ut frå selskapet sin eigen art og kommunen sitt formål med eigarskapet.

8.5 Styrehonorar

Styremedlemmar bør ikkje påta seg særskilte oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Vidare skal ikkje styremedlemmer vere omfatta av eventuelle incentiv-/bonusordningar i selskapet, då dette vil påverke deira uavhengigheit. Godtgjersla bør reflektere styret sitt økonomiske og strafferettslege ansvar, i tillegg til kompetanse, tidsbruk og kompleksitet i styrearbeidet.

Generelt bør styreleiar honorerast høgre enn styremedlemma.

Godtgjersla til styreleiar og -medlemmar i kommunale føretak (KF) er regulert i «Forskrift om godtgjering og dekning av utgifter for folkevalde, 2023-2027», vedtatt 31. august 2023.

Godtgjersle til styreleiar og -medlemmar i kommunale aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) blir fastsatt i henhaldsvis generalforsamling og representantskap.

For styreverv i aksjeselskap som er heileigd av Bjørnafjorden kommune, er det tilrådd ei veileiande honorering i prosent av ein stortingsrepresentant si faste godtgjering:

- Styreleiar 9% per år
- Styremedlem 4,5% per år

I tillegg gis både styreleiar og styremedlem ei møtegodtgjersle på kr 2000 per møte. Varamedlemmer mottek ikkje fast honorar, men får ei møtegodtgjersle på kr 4000 per møte.

Honorar til styremedlemmer bør avkortast med 50 prosent ved frammøte på under 50 prosent av styremøta i perioden. Ved sær lågt frammøte bør det vurderast om det skal utbetalast honorar i det heile.

Om eit varamedlem blir innkalt og møter på over halvparten av styremøta i perioden bør honoraret doblast. Om eit varamedlem blir innkalt og møter på alle styremøta bør vedkommande få honorar som styremedlem.

Det er selskapet si generalforsamling som fastset styrehonorara. Det er difor opp til generalforsamlinga å avgjere om ordninga skal gjelde fullt ut for alle selskapa, eller om det skal gjerast unntak. Styrehonorar og møtegodtgjersle blir kostnadsført og utbetalt i dei respektive selskapa.

8.6 Habilitetsvurderingar

Inhabilitet trer inn mellom anna når ein person antas å ha personlege interesser i utfallet av ei sak som skal handsamast, og kor ein antar at saka har påverknad på vedkommande si vurdering under handsaminga av saka. At ein person er inhabil inneberer at vedkommande ikkje kan tilrettelegge saksgrunnlaget eller treffe avgjerd i saka. Både selskapslovgiving og forvaltningslova har bestemmelser for dette.

Bjørnafjorden kommune forventar at styra etablerer faste rutiner for handtering av moglege habilitetskonflikter. Desse bør gjelde for selskapet som heilskap, dvs både for administrasjonen si saksførebuing og styret sitt arbeid.

8.7 Internkontroll og risikostyring

Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i forhold til omfanget og arten av selskapet sin aktivitet. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sitt verdigrunnlag og retningslinjer for etikk og samfunnsansvar. Styret skal foreta ein årleg gjennomgang av selskapet sine viktigaste risikoområder og den interne kontrollen.

8.8 Samfunnsansvaret

Bjørnafjorden kommune venter at det einskilte selskap, styre og leiging er medviten sitt samfunnsansvar.

Samfunnsansvaret omfattar mellom anna omsynet til lokalsamfunn, tilsette, måling av sjukefråver og trivsel, miljø, menneskjerettar, likestilling, integrering, lærlingeordningar, tilgjengelighet, etikk, løns- og bonusordningar, honorar og godtgjersle m.v.

Selskapet sitt samfunnsansvar bør omtalast i årsrapporten.

8.9. Styret sin årsmelding

Alle selskap som er heileigd av Bjørnafjorden kommune skal levere ein årsrapport til eigar. Dette også om det ikkje er eit krav i selskapslovgivinga.

Årsmeldinga skal som eit minimum innehalde

- Årsrekneskap med resultat, balanse, kontantstrømoppsett og noter
- Årsberetning som kommenterer årsrekneskapen, arbeidsmiljø, sjukefråver, likestilling, styring og kontroll, FOU og korleis selskapet oppfyller sitt samfunnsansvar.

9 Omgrepsforklaringar

Når ei verksemd er organisert som sjølvstendig rettssubjekt, kan ikkje kommunen nytte instruksjonsmynde, og må i staden styre gjennom andre verkemiddel eller gjennom eigarstyring.

Styring gjennom eigarposisjon legg begrensingar på kva form og innhald styringa kan ta.

Det er **selskapslovgivinga** som fastset dei juridiske rammene for eigarstyring og selskapsleiing.

Vedtektene eller **selskapsavtalen** er lovfesta styringsdokument som regulerer dei viktigaste forholda mellom eigarane og mellom eigarane og selskapet.

Det kan ofte vere hensiktsmessig å utarbeide andre dokument eller avtalar som underbygger vedtektene/selskapsavtalen og som regulerer styringa av selskapet på ulike nivå. Desse styringsdokumenta er ikkje lovfesta, men er avtalar mellom partar som er meint for å sikre ein bevisst eigarstyring. Døme på dette er eigaravtalar, aksjonæravtalar og tenesteavtalar. Desse styringsdokumenta blir vedtatt delvis av eigarane og delvis av selskapet sine organ.

Eigaravtale – Eigaravtale blir vedtatt av alle eigarane i tillegg til vedtekter/selskapsavtale. Eigaravtaler er ment som eit verktøy for å skape gjennomsiktighet og forseielegheit i eigarskapet av kommunalt eigde selskap. Eigaravtalen vil ofte innehalde ein klarlegging av grunnlaget for etablering av selskapet, eigarane sin bakgrunn for etablering, deira strategi for eigarskapet og tydeliggjering av styringsmekanismene i selskapet. Det er verdt å merke seg at selskapslovgivinga og vedtektene/selskapsavtalen går foran ein slik avtale.

Aksjonæravtale – Aksjonæravtale er ein eigaravtale for eigarane i eit aksjeselskap. Aksjonæravtalar blir ikkje alltid inngått mellom alle aksjonærene. Aksjonæravtalar regulerer ofte forhold som finansiering, aksjeovergang og utbetaling av utbytte.

Tenesteavtale – Kommunalt eigde selskap er ofte oppretta for å utføre tenesteproduksjon på vegne av deltakarkommunane. I desse tilhøva er det hensiktsmessig å utarbeide avtalar mellom selskapet som tenesteleverandør og kommunen som bestiller av tenester frå selskapet.